

Tyding av namn ved Femunden

Elvenamnet Kvenna kjem av “kvann” og ikkje “kvern”

Kvennvika er ei 3 kilometer lang, smal vik på vestsida av Femunden, ei halv mil nordafor Buvika. På nordsida av Kvennvika er det ein lang odde som er smal på midta, Skåvårødden. Her hadde garden Røsta i Tufsingdalen ein myrslått dei kalte Skåvåren. Odde har vel fått namnet sitt fordi bølgeslaget har skava han mest av. Nordafor Skåvårødden er Halstensvika. Ho har fått namnet etter at tre rendøler, som alle heitte Halsten, drukna her. Dei hadde vore på fiske i Kora og skulle ro til Buvika med fangsten. Da dei kom forbi Nålodden, bles det opp, og

dei kvelva med båten. Den eine fann dei att like ved der båten kvelva; den andre fann dei ved Hangfastskjeret; den tredje vart aldri attfunnen. Slik kom namnet Halstensvika i bruk. Ved Halstensvika ligg garden Solli.

Inst i Kvennvika er det det no ti hytter som er bygde på statens grunn i slutten av sekstiåra og utover syttitallet. Lenger ute i vika er det gamle fiskebuer som minner om det gamle næringsfisket. Yst ute er det fleire holmar, med Storholmen i midten, som lagar liksom to innløp i Kvennvika. På sørsida og innafor her er Settingen. Sett-



Kvennvika ved Femunden. Foto: Forfattere.

ungen skal vera sjettedelen av ein mæle eller eit halvsåld, liksom ein åting er åttandedelen av ei tynne. Ein settung eller setting var frå 1683 eit ofisielt mål som var lik sekstendedelen av ei tynne, dvs. om lag 8,7 liter. Det er ikkje godt å veta kva dette mengdesmålet viser til. Det er ein god fiskeplass, så kanskje dei gamle fiskarane rekna med å få ein settung fisk her.

Kvennvika er rekna som ein god fiskeplass, for heile vika er etter måten grunn. I 1750-åra vart Femunden demt opp i sørenden, ved Gløten, for å gjera det mogleg å fløte tømmer nordover til Røros der verket trong mykje trelast. Før den tid var vel nokre av grunnane i Kvennvika tørt land. Ovafor Kvennvika ligg Kvennvikhøgda 1075 m.o.h. som eit dominerande fjell.

Alle desse namna på Kvenn her, har rota si frå elva Kvenna som renn ut i Kvennvika. Det er ei lita, stillrend elv som ein fint kan padle oppover og finne beverhytter. I bygdemålet er uttala kvæinna med palatal n. På noen kart er namnet stava med r, Kverna. Tankegangen bakom er lett å forstå, for i bygdemålet heiter kvern som ein mel korn på, også kvæinn. Eg trur det er rimelegare å rekne med at namnet her har samband med plantenamnet Kvann. Utan at eg direkte kan gå god for at det er mykje kvann å finne langs Kvenna, veit eg at kvann gjerne veks på fuktige steller med god jord, og det er det langs Kvenna. Ei halvmil oppe ved Kvenna låg dei gamle setrane til Sætersgardane i Tufsingdalen, og det er mange gamle slåtteng ved elva. Lenger nord ved Litjåsen er det liknande bonitet, og det er kjent som eit godt kvannstelle. Skulle ikkje elva da

heite Kvanna? Det er fleire namneformer av plantenamnet kvann. På Røros bruker dei for eksempel kvenne som namn på denne planta, så språkleg sett kan elva Kvenna godt ha samband med plantenamnet kvann. I Rendalen er det to elvar som heiter Kvenninga. Her er det vel rett å skrive Kverninga, for namnet kan koma av ordet kvern anten elva durar som ei kvern, eller det har vore kvernar der. Ingen av delane høver på Kvenna som renn ut i Femunden, for elva er stillrend og durar ikkje, og har heller ikkje fossar til kvernbruk.

Fjellkvann, *angelika archangelika*, var rekna som ei verdifull plante. I bygdetradisjonen hugsar eg dei sa at det var sunt å tygge kvann, eller kvannjol som dei sa. Når ungane var ute og gjette, fann dei seg kvannstilkar å gnaga på. Det hadde ein særmerkt, men ganske god smak. Det hende dei tørka rota og laga seg tobakk av. Den innhole stilken kunne det lagast pipe av.

I saga om Olav Tryggvason er det fortalt at kongen var i Nidaros og gjekk gjennom Stretet og kjøpte ein kvannstilk som han tok med heim til dronning Tyre. Men ho slo til kvannstilken og sa at det var for dårleg gåve. Ho ville heller at han for til Vendland for å hente medgifta hennar. Det endte, som vi veit, med at kongen fall i slaget ved Svolder.

Vi skjønner at kvann vart rekna som ei verdifull plante. Den unge stengelen var rekna som ei delikatess og brukt som grønsak. No har ikkje kvann lenger nokon posisjon her heime, men kvann er brukt som ein viktig ingrediens i franske Benediktinarlikørar. Under Spanskesjuka etter første verds-

krigen togg dei kvann for å berge seg unna sjukdomen. (Dei brukte også tobakk.) No er det mange som har urtehagar, så kanskje kvann kan få sin renessanse.

Mange stadnamn i Norge, også nokre gardsnamn, vitnar om at kvann var ei ettertrakta vare. Etter gamle islandske lover er det straff for å grava opp kvann på annan manns grunn. Under Svartedauen togg dei både kvannrot og søtrot for å helbrede og forebygge sjukdom.

Nålodden nord for Halstensvika stikk som ei nål ut i Femunden så namnet er lett å forklare. Vidare nordover har vi Lauvholman og Kråkholmen med namn som er lett å tyde. Men så kjem vi til Hestholmen. Her fortel sagnet:

” Langt atti tien va de en hæst som svømte over frå Tjønnlainda på Æljásien å komm i laind på Hæstholma. De æ så langt som to kilometer.Frå Hæstholma å innåt laind æ de itte mer hell et drygt pils-kott. Men hæsten hadde fått vass-skrekken å tørsa itte svøm mer. Han va på Hæstholma te han gjekk te. Sea ha holmen hett Hæstholmen.”

Dreg vi lenger nordover, kjem vi til Kløvstenodden med ein stor kløvd stein. Herifrå og rett over til det ytterste av Korneset er grensa for Tufsingdeltaet som vart naturreservat 1981. No står Tufsingdeltaet også på lista til Ramsarkommisjonen. Det betyr at deltaet no kan reknast som eit internasjonalt viktig våtmarksområde. Det har heilt spesielle økosystem som den norske staten er forplikta til å overvaka og følgje nøye med på. Det er sagt at Korneset har namnet sitt etter fiskarar som heldt kor her, altså andakt, før dei

starta fisket. Det er vel helst rimeleg at namnet kjem av elvenamnet Kora som var brukt om nedste del av Tufsinga. Namnet Kora har samanheng med gammalnorsk kùrr som tyder stille, roleg, kur. Det var i denne stille delen av elva det beste fisket var. Dei kalla det korfisket. Det vanlege namnet på elva var Tufsinga.

Kva kjem elvenamnet Tufsinga av?

Er det deltaet som først har fått namnet?

Elva Tufsinga har gjeve namnet til Tufsingdalen. Det er ei stor, vassrik elv, bortimot ein par mil lang frå Siksjøen til Femunden og godt tjue meter på det breiaste. Det er eit stryk, eller ein foss, der ho renn ut frå Siksjøen. Ho blir vanlegvis kalla Siksjøåa til ho etter ein par kilometer inn saman med Flena. Flena kjem frå Flensjøen. Elvenamnet kjem kanskje av adjektivet Fleinn, naken, berr, altså elva som er særmerkt med nakne, avskura berg og steinar. Tufsinga renn så still til ho når eit par stryk ved Sætersgardane, vidare er ho still og svingete ein tre kilometer til ho når Stømmen (Straumen). Nedafør her har tufsingdølane båtnausta sine, for no er elva still og lett farbar ned til deltaet som dei kallar Tjønnan. Frå Siksjøen til Femunden er fallhøgda 46 meter. Frå Sætersgardane på autsida av elvae, ein tre kilometer sørover, er den store Tufsingdalseskeren som er verna som naturreservat, fordi han har kvartærgeografisk interesse. Dei som går turistløypa på eskeren, må ha båtskyss for å krysse elva. Elles er landskapet flatt og myrete på bae sider av elva, men elvekantane er

faste og oppbygde av sand. Beverløyper kjem ned frå sidene her og der. Elvebotnen er også mest sand.

Tufsinga er ei svært verdfull fiskelv. Om hausten i oktober har siken gytevandring frå Femunden og oppover elva. Det er halvkilos gytesik som er 7-9 år gamal. Sikyngelen som blir klekt i elva, blir førd med staumen ut i sjøen. Det er fortalt om eventyrlege fangstar av rendølar og tufsingdølar. Det er tjue notvarp som er i bruk nedover elva. Elva går i svingar og lagar fine elvekanter som høver godt for notfisket. Dei tre nedste notvarpa skil seg ut. Det kan ein skjøne av namna: Kanalvarpet, Størvarpet og Lortvarpet.

Kan elvenamnet Tufsinga knyttast til tufser av myr-rør eller liknande sjøgras?

Den vanlegaste forklaringa av elvenamnet Tufsinga er etter Oluf Rygh. Han knyter namnet til nynorsk tufs n (armod, dårleg tilstand) og adjektivet tufsen *"ubehendig, som vel forsøger, men ikke udretter stort"* (Sitat etter Ivar Aasens ordbok.) Namnet skal da sikte til at elva renn sakte og tufset.

Ettersom det er så mange myrvar ved elva, og på myrane er det store tuver, har det vore freista å knyte elvenamnet til tuver, myrtuver. Men i så fall skulle vi vente namnet tuv-inga, slik som andre samansettingar med tuve, Tuv-rya, Tuv-enget og så vidare.

Hovudleddet må vera tufs. Endinga -inga er vanleg i elvenamn og understrekar det hovudleddet betyr f.eks Setninga, Kverninga osv. Dei gamle skrivemåtane frå slutten av 1600-tallet og utover - Tousing, Tougsing, Tusing, Toufsing, Tufsing er vel alle forsøk på å


bokstavere den gamle bygdeuttala Tøfsinga, Tøfsingdalen. No blir vel uttala Tufsinga mest brukt. Den svenske nasjonalparken på andre sida av grensa blir skriva Tøfsingdalen.

Vi kan finne andre "tufsingnamn" i same namnelagingsområde. På om lag same breiddegrad som Tufsingdeltaet, ei mil innafor grensa på svensk side, ligg sjøen Tøfsingen. Herifrå rinn elva Tøfsingån, tre kilometer lang, til ho rinn ut i Storån. Etter samanløpet med Storån, ein tre kilometer lenger nede, er Tøfsingån. Etter kartet å dømme liknar det på Tufsingdeltaet, stillrend elv med ein floke av mange små og større elveløp. Håen er ein kilometer lang til elva får normalt far att. Storån er ein del av vassdraget som til slutt hamnar i Siljan.

Sjøen Tøfsingen har også eit samisk namn, Jeartanjaevrie som kan tydst som myr-rør-sjøen eller myrgras-sjøen.

På norsk side, aust for Aursunden ligg sjøen Tufsinga mellom Bolagen og Botnet i Aursunden. Tufsingbekken rinn frå Tufsinga og ut i botnet, ein par kilometer lang. Her må sjønamnet vera eldst og Tufsingbekken laga til sjønamnet.

Ein kan rekne med ein språkleg samanhang mellom desse "tufsingnamna". Kanskje nykjelen ligg i det sørsamiske "Jeartanjaevrie"? Eg har fått opplyst at i sørsamisk ordbok er jeartan nemnt som brukt i namn. Jeavrie er vanleg og betyr sjø. I nordsamisk betyr jearta myr-rør, myrgras. Bruker vi det nordsamiske ordet jearta, kjem vi til Myr-rør-sjøen. Det er så stor språkleg skilnad på orda Jeartanjaevrie og Tøfsinga at namna må vera laga parallelt på grunnlag av eit karakteristisk



Utsnitt av kartbladet Elgå, blad 1719 II, utgitt av Statens Kartverk.

trekk ved sjøen. Tøfsingen må ha fått namnet fordi det er typiske tufsar av myrrør i delar av sjøen. Det same må gjelde Tufsinga på norsk side.

Så kjem vi tilbake til elva Tufsinga og spør om dette namnet har noko med myrrør, myrgras å gjera?

Ordet *tufs* betyr opprinnelig tjafs, tust, dott, bunt, floke. "*Ein tufs med hår, ull*" Eg har høyrte brukt "*en høytufs*".

Så kjem tyding 2: ein pusling, altså ein som det flokar seg til for. Tyding 3: tåpe, tust, dumming. Tyding 4: haugbue. Nøytrumsordet *tufs* tyder stakarsdom, meiningsløyse, pusleri, kluss, rot, vas, tull.

Er det nokon stad i elva det er som ein tufs, ein bunt ein floke? Det må vera deltalendet der elva renn ut i Femunden. Om ein kjører med motorbåt frå Kvennvika og nordover til Tufsingdeltaet, er strendene dominert av stor stein så det blir reine strender, ei og anna lita størrvik innimellom. Kjem ein så til Tufsingdeltaet, som blir kalla Tjønnan, er inntrykket eit heilt anna. Området er naturreservat fordi det er heilt spesielt. Det er eit frodig og flokete område. Fagfolk kallar det eit

fuglefotdelta med eit sant virvar av tjønner og holmar og forgreina elveløp. Her er det fullt med sivgras, starrgras som veks på grasøyer og grunt vatn. Nokre starrarter lagar tuver med grastufser oppå. Rotsystemet er krypande rotstokkar. Frå denne matta av rottrevlar veks det ein sann jungel av strå.

Kanskje det var det elva gjennom dette flokete deltalendet, Tjønnan, som først vart kalla Tufsinga, og så spreidde namnet seg til heile elva. Kva anna skulle ein kalle ei elv som renn gjennom eit slikt samanvevd system av tufsar av siv og sjøgras enn Tufsinga?

Kora er brukt i gamle rettsakdokument i krangelen om fiskerettar og var namnet på berre ein del av elva. Kora var vel brukt i samband med fisket i den nedste delen av elva. Tufsinga derimot vart vel brukt om heile elva slik som i våre dagar.

Trygve Nesset

Cand. philol.

Tidlegare lektor ved NØ. vg skole

2500 Tynset